



Utval: Formannskapet
Møtestad: Kommunestyresalen, Fitjar rådhus
Dato: 06.12.2017
Tid: 15:00 – 19:20

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Wenche Tislevoll	Ordførar	H
Agnar Aarskog	Varaordførar	AP
Arne Prestbø	Medlem	H
Sigurd Andre Maraas	Medlem	FRP
Dagfinn Brekke	Medlem	KRF

Forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
-------------	-----------------	----------------------

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
-------------	------------------	----------------------

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Atle Tornes	Rådmann
Svein Dale Soleng	Ass. rådmann
Trond Salmo	Økonomisjef
John Karsten Raunholm	Skulesjef
Stian Torland	Leiar IKT
Anne Økland	Helse- og sosialsjef
Tore Nesbø	Avd. ingeniør drift
Anne Lise Næs-Olsen	Avd. leiar plan og miljø
Bente Bjelland	Kultur- informasjonssjef

Wenche Tislevoll
Ordførar

Bente Fitjar
Møtesekretær

Saksnr	Innhald	Lukket
PS 70/17	Godkjenning av protokoll	
PS 71/17	Meldingar	
PS 72/17	Kriteria for sal av bustader på Gartnareigedomen	
PS 73/17	Avtale med Statens vegvesen - arbeid i samband med vegkryss i Fitjar sentrum	
PS 74/17	Prioritering av spelemidlar for 2018	
PS 75/17	Sal av aksjar i Atheno AS	
PS 76/17	Søknad om støtte investeringstilskot til diverse tiltak	
PS 77/17	Budsjett 2018 og økonomiplan 2018 - 2021	
PS 78/17	Ymse	
PS 79/17	Kulturprisen 2017	X
PS 80/17	Næringsprisen 2017	X

Innkalling og sakliste godkjent utan merknader.

PS 70/17 Godkjenning av protokoll

Framlegg til vedtak:

Formannskapet godkjenner protokoll frå sist møte.

Behandling i Formannskapet - 06.12.2017:

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg.

PS 71/17 Meldingar

Framlegg til vedtak:

Formannskapet tek meldingssakene til vitande.

Behandling i Formannskapet - 06.12.2017:

Meldt i møtet:

- Smedholmen – korrespondanse i november 2017. Formannskapet ga positiv tilbakemelding på informasjon om saka.
- Brev til grunneigarar i Håkonar næringspark – oppmoding om rydding av avfall
- Spørsmål om pensjon – U.off., jfr. offl. § 13/fvl. § 13. Spørsmålet vart handsama i lukka møte, informasjon vart teke til vitande.

Delt ut i møtet:

Skatteinngang pr. november 17

- Rådmannen orienterte om den låge skatteinngangen. Årsaka er blanding av lågare skatt både frå bedrifter og personleg skattyting. Rådmann og økonomisjef svara på spørsmål frå formannskapet.

Munnleg orientering:

Årskog - status for reguleringsplan, og interesse for området

- Reguleringsplanen vart vedteken i kommunestyret 22.11.17.
Rådmannen jobbar med å fornya avtale med båtar i opplag etter 2017.
- Kobbevik & Furuholmen er interessert i å bygge oppdrettsanlegg.

Tilsyn brannstasjon, førebels rapport

- Ass. rådmann Svein Dale Soleng orienterte frå møte med arbeidstilsynet. Utfordring med utforming av brannstasjonen. Fått 3 pålegg i førebels rapport. Det er utført tilsyn på alle brannstasjonane i landet.

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg.

PS 72/17 Kriteria for sal av bustader på Gartnareigedomen

Framlegg til vedtak:

Ein tomt blir halde tilbake til kommunalt bruk.

Dei to tomannsbustadtomtane vert lagt ut i marknaden, på fylgjande vilkår...

Bustadtomten i Bakken vert lagt ut i marknaden når arrondering er gjort.

Behandling i Formannskapet - 06.12.2017:

Rådmann Atle Tornes orienterte om bakgrunn for saka, og svara på spørsmål frå formannskapet. Formannskapet drøfta saka.

Rådmannen la føre følgjande framlegg til vedtak:

Ein tomt blir halde tilbake til kommunalt bruk. Dei to tomannsbustadtomtane vert lagt ut i marknaden, på marknadsvilkår. Tomtane må byggjast på innan to år. Administrasjonen får fullmakt til å halda att ein tomannsbustadtomt i staden for einmannsbustadtomta, dersom dette vert vurdert som føremålstenleg.

Bustadtomten i Bakken vert lagt ut i marknaden når arrondering er gjort.

Vedtak: (Samrøystes)

Ein tomt blir halde tilbake til kommunalt bruk. Dei to tomannsbustadtomtane vert lagt ut i marknaden, på marknadsvilkår. Tomtane må byggjast på innan to år. Administrasjonen får fullmakt til å halda att ein tomannsbustadtomt i staden for einmannsbustadtomta, dersom dette vert vurdert som føremålstenleg.

Bustadtomten i Bakken vert lagt ut i marknaden når arrondering er gjort.

PS 73/17 Avtale med Statens vegvesen - arbeid i samband med vegkryss i Fitjar sentrum

Framlegg til vedtak:

Ordfører og rådmann får fullmakt til å tinga fram avtale om kostnadsdeling for arbeid m.v. i tilknytning til vegarbeid i Fitjar sentrum.

Behandling i Formannskapet - 06.12.2017:

Rådmann Atle Tornes orienterte om status for saka, og svara på spørsmål frå formannskapet. Kostnader i prosjektet vil først koma fram når anbudet er klart.

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg.

PS 74/17 Prioritering av spelemidler for 2018

Framlegg til vedtak/tilråding:

Fitjar kommune prioriterer søknadar om ordinære idrettsanlegg i denne rekkefølgen:

1. Fitjar kommune- toppdekke på friidrettsbane
2. Fitjar kommune – 15 m innandørs skytebane
3. Fitjar kommune - nytt kunstgras på kunstgrasbanen

Fitjar kommune prioriterer søknadar om nærmiljøanlegg i denne rekkefølga:

1. Fitjar kommune - aktivitetsområde ved rådhuset
2. Fitjar kommune - tursti strandpromenade i sentrum
3. Fitjar kommune - aktivitetsområde Fitjarstølane barnehage
4. Fitjar kommune - turløype Olstjødna
5. Fitjar kommune – Snøkanon, Midtfjellet
6. Fitjar kommune - Hoppbakke i plast, Midtfjellet
7. Fitjar kommune - Akebakke i plast, Midtfjellet

Behandling i Formannskapet - 06.12.2017:

Formannskapet drøfta saka, og administrasjonen svara på spørsmål.

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg.

PS 75/17 Sal av aksjar i Atheno AS

Framlegg til vedtak/tilråding:

1. Fitjar kommune sel 134 aksjar, slik at kommunen sit att med 126 aksjar.
2. Rådmannen får fullmakt til å gjennomføre salet.

Behandling i Formannskapet - 06.12.2017:

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg.

PS 76/17 Søknad om støtte investeringstilskot til diverse tiltak

Framlegg til tilråding:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera fylgjande vedtak:

1. Fitjar kommune løyver kr. 100 000,- til restfinansiering av orgel i kyrkja.
2. Fitjar kommunen løyver kr. 450 000,- til Fitjar kultur- og idrettsbygg.
3. Fitjar kommune løyver kr. 200 000,- til Fitjar skyttarlag til miniatyrskytebane.
4. Fitjar kommune forskotterer kr. 700 000,- til miniatyrskytebanen.
5. Finansiering vert gjort ved bruk av «laksepengar» som skissert i saka.

Behandling i Formannskapet - 06.12.2017:

Representanten Agnar Aarskog (AP) ba formannskapet vurdere gildskapen hans, då han er styreformann i FKIB. Han vart samrøystes erklært ugild, og forlet møtet under handsaming av saka.

Rådmann Atle Tornes orienterte om bakgrunn for saka. Han orienterte formannskapet om tilbakemelding frå revisor om finansiering av investeringane til FKIB og skyttarlaget.

Tilråding til kommunestyret: (4 røyster)

1. Fitjar kommune løyver kr. 100 000,- til restfinansiering av orgel i kyrkja.
2. Fitjar kommune løyver kr. 450 000,- til Fitjar kultur- og idrettsbygg.
3. Fitjar kommune løyver kr. 200 000,- til Fitjar skyttarlag til miniatyrskytebane.
4. Fitjar kommune forskotterer kr. 700 000,- til miniatyrskytebanen.
5. Finansiering vert gjort ved bruk av «laksepengar» som skissert i saka.

PS 77/17 Budsjett 2018 og økonomiplan 2018 - 2021

Framlegg til vedtak/tilråding:

Formannskapet rår kommunestyret til å vedta Rådmannen sitt framlegg til budsjett for 2018 og økonomiplan 2018 – 2021, med følgjande endringar:

Formannskapet legg framlegg til budsjett 2018 og økonomiplan 2018 – 2021 på høyring i perioden 6. til 20. desember.

Behandling i Formannskapet - 06.12.2017:

Delt ut i møtet:

Notat frå økonomisjefen: Finans og skatt

Innlegg frå FAU ved Rimbareid barne- og ungdomsskule

Innspel frå foreldra i 1a og 1b ved Rimbareid barne- og ungdomsskule

Innspel frå elevrådet på mellomtrinnet ved Rimbareid barne- og ungdomsskule

Innspel frå Fitjar eldreråd

Uttale frå foreldregruppa i 6b ved Rimbareid barne- og ungdomsskule

Notat frå rektor ved Øvrebygda skule: Om mat & helse 6. klasse Øvrebygda skule

Rådmann Atle Tornes orienterte om endringar av føresetnader i budsjettet etter sist møte. Formannskapet drøfta saka.

Representanten Arne Prestbø (H) la på vegne av H og AP føre framlegg til endring av budsjettet, og kommenterte dette. Det vert ikkje lagt føre innspel til investeringsbudsjettet i denne omgang.

Protokolltilførsel frå KRF:

KrF legger ikke frem eget budsjettforslag i dag. Det hefter stor usikkerhet rundt innføring av lærernorm og de økonomiske konsekvensene av dette. Fitjar KrF vil frem mot kommunestyremøte 20. desember arbeide frem et budsjett som bl.a. forsøker å unngå sammenslåing av 2. klasse ved Rimbareid og flytting av 7. klasse fra Øvrebygda.

Det vart røysta over rådmannen sitt framlegg til budsjett, med endringar frå H og AP. Framlegget fekk 4 røyster (H, AP og FRP) mot 1 røyst (KRF).

Formannskapet legg framlegg til budsjett 2018 og økonomiplan 2018 – 2021 på høyring i perioden 6. til 20. desember.

Tilråding til kommunestyret: 4 røyster (H, AP og FRP) mot 1 røyst (KRF)

Kommunestyret vedtar rådmannen sitt framlegg til budsjett for 2018 og økonomiplan 2018 – 2021, med følgjande endringar:

BUDSJETT 2018	2018	LANGTIDSBUDSJETT			766 965
		2019	2020	2021	
Resultat rådmannens budsjett	1 435 842	2 722 225	2 144	-3 393 246	
Ikkje auke eigedomsskatten	-1 000 000	-1 000 000	-2 000 000	-2 000 000	
Ikkje slå saman 2. klasse	-265 000	-663 000	-663 000	-663 000	
Mat i politiske møter	-15 000	-15 000	-15 000	-15 000	
Reiseliv - auke 5 kr. Pr. innb.	-15 000	-15 000	-15 000	-15 000	
Auka kai-inntekt Aarskog - større aktivitet		140 000	140 000	140 000	
Auka eigedomsskatt næring- auka aktivitet			300 000	300 000	
Skulebruksplan 2018 - innsparingspotensiale ukjent			1 500 000	3 000 000	
Sosialhjelp - berre auka til 600 000	200 000				
Finans - bankavtale på anbud	200 000	200 000	200 000	200 000	
Leige 1 ekstra sjukeheimplass til Stord midt 2018 - midt 2019	500 000	450 000			
Næringsarbeid - til 100 000	100 000				
RÅDMANN NOTAT:					
Notat vedk. diverse budsjettforlik	163 000	163 000	163 000	163 000	
Eigedomsskatt nett - budsjettforlik		920 000	920 000	920 000	

Tilskot private barnehager	-80 000				
Barnehageopptak Stord kommune	-230 000				
Vikarlege (rekruttering 2017)	-210 000				
Overlapp rådmann	-103 000				
Resultat etter endring	680 842	2 902 225	532 144	-1 363 246	2 751 965

PS 78/17 Ymse

Behandling i Formannskapet - 06.12.2017:

Spørsmål frå representanten Sigurd André Maraas (FRP):

Ber om ei kort orientering om legesituasjonen, vikarbruk og økonomi rundt det.

Svar frå helse- og sosialsjef Anne Økland:

«Status fastløna fastlege:

Det vart lyst ut etter ny fastløna fastlege med søknadsfrist 24.10.17. Stillinga var og lyst ut i «Tidsskriftet for den norske legeförening» i tidsrommet 19.09.17-19.10.17.

Det var då åtte søkarar til fastlegestillinga. Det vart tatt ei grundig gjennomgang og ein person fekk tilbod, men takka nei til stillinga. Vidare på lista gjorde me grundige vurderingar, utan å koma i mål no. Det er dermed ikkje tilsett ny fastlege.

I tidsrommet 15.11.17 og til og med 14.12.17 har ein sett det som naudsynt å bruke vikarbyrået Dignus, for å få på plass ein fastlege. Dette har medført ein ekstra utgift på kr 227 900,-, samt dekkja husleige på om lag kr 5 000,-.

For å unngå at ein må leige inn fastlege over tid, har ein sendt ut ein førespurnad om pristilbod til ulike vikarbyrå på rekruttering. Her må ein pårekna ein ekstra kostnad på:

Vikar fastlege januar 2018	ca kr 200 000,-
Husleige/straum	ca kr 10 000,-
Rekruttering av ny lege	ca kr 300 000,-
	Kr 510 000,-

Skal ein ta denne ekstra kostnaden innan helse, omsorg og sosial budsjettet, må det vera at ein ikkje gjennomfører tiltaket med å utdanne to instruktørar, får då ein kostnadsreduksjon på kr 312 000,-. Ein ser at det likevel vil stå att eit beløp på om lag kr 200 000,-. Her ser ein det som naudsynt å nytte fondsmidlar, omstilling kr 170 000,-, resterande beløp må ein ta frå eige budsjett på 4000.

I utval for omsorg og oppvekst datert 28.11.17, vart det gjeve tilslag for å leige inn vikarlegen også for perioden 08.01.18 - 02.02.17.»

Formannskapet og administrasjonen drøfta moglegheit for å auka stillinga til lege nr. 3 til 100%, for å gjera stillinga meir attraktiv. Formannskapet ber administrasjonen om ei utgreiing av stillingsstorleik for lege nr 3, til kommunestyret 20. desember i samband med budsjett.

Spørsmål frå representanten Sigurd André Maraas (FRP):

Kirkeasyl i Fitjar igjen. Er kommunen orientert? Skal kommunen foreta seg noko i den saken no? Media varsler varighet på opptil halvanna år.

Svar frå ordførar Wenche Tislevoll (H):

Kirkeasyl er ikkje noko som vert annonsert eller sendt orientering til kommunen om.

I utgangspunktet er kirkeasyl ikkje noko som angår kommunen. Det er eit forhold mellom den eller dei som har søkt tilflukt i eit kirkebygg, menigheta som tek i mot asylantane, og staten.

Kirkeasyl vert innvilga av den lokale menigheten – og respektert av politi, namsmann og øvrige myndigheter. Etter det administrasjonen kjenner til er det berre eit eksempel på kirkeasylet ikkje har vore respektert – det var i forbindelse med ei barnefordelingssak. I andre saker – som flyktningespørsmål – har det ikkje vore nytta tvangsmakt i moderne tid.

Historisk sett har også Fitjar kommune respektert kirkeasyl-instituttet.

Gitt at kommunen ikkje anser seg som part i kirke-asyl-saker, er det heller ikkje retningslinjer for korleis slike situasjonar eventuelt skal handsamast. Administrasjonen ynskjer å peika på at kirkeasylantar normalt er i ei svært vanskelege og uavklarte situasjonar – og at ein lyt trø varsamt for å ikkje forverra denne situasjonen.

PS 79/17 Kulturprisen 2017

Framlegg til vedtak:

Saka vert lagt føre utan tilråding.

Behandling i Formannskapet - 06.12.2017:

Saka vart handsama i lukka møte, jfr. kommunelova § 31.4.

Det er kome inn eitt forslag til kandidat. Formannskapet drøfta saka, og la føre følgjande felles framlegg til vedtak:

Kulturprisen 2017 vert tildelt Thoralf Røen.

Vedtak: (Samrøystes)

Kulturprisen 2017 vert tildelt Thoralf Røen.

PS 80/17 Næringsprisen 2017

Framlegg til vedtak:

Saka vert lagt føre utan tilråding.

Behandling i Formannskapet - 06.12.2017:

Saka vart handsama i lukka møte, jfr. kommunelova § 31.4.

Det er kome inn 3 forslag til kandidat, og to forslag vart lagt føre i møtet. Formannskapet drøfta saka, og la føre felles framlegg til vedtak:

Næringsprisen 2017 vert tildelt Kvernenes Båtbyggeri AS.

Vedtak: (Samrøystes)

Næringsprisen 2017 vert tildelt Kvernenes Båtbyggeri AS.

